



Tore Svendsen
Eknes 97 A

5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1238 - 14/5375

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
10.03.2014

Tolking - møtegodtgjersle folkevalde

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
32/14	Formannskapet	PS	06.03.2014

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	FE - 000	14/1238

Tolking - møtegodtgjersle folkevalde

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

Framlegg frå L.Sleire-H:

Formannskapet gjer ikkje endringar i reglementet og sluttar seg til administrasjonen si tolking i saka.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i formannskapet

Bakgrunn

Det er ulike tolkingar om kva som ligg under godtgjersla til leiar i råd og utval. Saka vert difor sendt til formannskapet for klargjering.

Det har vore praktisert at alt arbeid leiaren har i samband med utvalet/rådet ho/han leiar vert dekkja av godtgjersla som ligg fast til vervet. Dersom ein møter i andre samanhengar (som folkevald) t.d. er medlem i kommunestyret vert det utbetalt godtgjersle som kommunestyremedlem.

Utdrag av politisk styringsstruktur og reglement

Fast godtgjersle for leiar av utval.

- Leiar for levekårsutvalet: 5% av ordførargodtgjersla
- Leiar for plan- og miljøutvalet: 5% av ordførargodtgjersla
- Leiar kontrollutvalet: 5% av ordførargodtgjersla
- Leiar eldrerådet: kr 750,- pr møte
- Leiar rådet for menneske med nedsett funksjonsevne: kr 750,- pr møte

- f. Leiar overformynderiet: 5% av ordførargodtgjersle
- g. Leiar takstnemnd 750,- pr møte
- h. Leiar overtaksnemnd 750,- pr møte

Godtgjersle til leiaren skal dekkja alt arbeid som fell inn under utvalet, td. synfaringar, utvalsmøta, førebuing til møta og mindre konferansar som leiaren måtte ha. For arbeid som fell utanom dette, skal leiaren ha godtgjersle etter pkt. 3.

(punkt 3) Godtgjersle andre kommunale / interkommunale styrer, nemder og utval mm.

Valde medlemmer med varamedlemmer i andre kommunale / interkommunale styre, nemnder og utval, og kommunale representantar i private styre og ved representasjon etter avtale med ordførar, har rett til godtgjersle i form av timelønn på kr 150,- pr time max. 600,- * pr. døgn dersom det ikkje vert utbetalt anna godtgjersle.

Godtgjersle / tapt arbeidsforteneste utanom dei faste møta

vert utbetalt etter krav på eige skjema. Det skal fyllast ut eit skjema for kvart møte.

Formannskapet - 32/14

FO - behandling:

Det vart stilt spørsmål frå J.Hellestveit-Sp om han er ugild i denne saka, som leiar i levekårsutvalet. Formannskapet meiner han ikkje er det.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Vedtak:

Formannskapet gjer ikkje endringar i reglementet og sluttar seg til administrasjonen si tolking i saka.